



Region Nordhordland IKS


Saksbehandlar, innvalstelefon

Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Motsegn - høyring og offentleg ettersyn - reguleringsplan - Fedje - Innarsøyane - interkommunal plan for sjøområda - Nordhordland - sjøareal

Vi viser til brev datert 11.10.2025, med melding om høyring og offentleg ettersyn av endring av den interkommunale planen for sjøareala i Nordhordland. Frist i saka er 10.01.2026.

Formålet med planendringa er å ta inn eit nytt område for akvakultur i Fedje kommune. Det er ønske om å legge til rette for eit nedsenkbart anlegg, like utanfor Innarsøyane.





Innleiingsvis ønskjer Statsforvaltaren i Vestland å trekkje fram at vi har stor forståing for at dette er ein viktig sak for kommunen. Dette har mellom anna kome tydeleg fram i møte vi hadde med kommunen den 10.09.2025. Vi vil understreke at dette er ei svært krevjande sak for oss fordi Fedje er ein liten kommune, med avgrensa moglegheiter for næringsutvikling og eit behov for inntekter og arbeidsplassar.

Statsforvaltaren i Vestland finn det likevel naudsynt å fremje motsegn til planendringa fordi endringa vil vere i vesentleg konflikt med nasjonale interesser for naturmangfald på tre punkt:

- **Verneverdiane i Innarsøyane naturreservat**
- **Nær trua naturtype hornkorallskog**
- **Utvandringsrute for villaks**

Grunngjeving

Statsforvaltaren kan fremje motsegn til planar i spørsmål som er av nasjonal eller vesentleg regional verdi, eller som av andre grunnar har tyding for våre saksområde, jf. plan- og bygningslova (pbl.) § 5-4.

[Rundskriv T-2/16, Miljøforvaltningens innsigelsespraksis](#), klargjer kva som er spørsmål av nasjonal eller vesentleg regional tyding, eller som av andre grunnar er av vesentleg verdi for klima- og miljøområdet. Rundskrivet gjev også rettleiing for korleis vi skal vurdere om det er naudsynt å fremje motsegn. For at Statsforvaltaren skal fremje motsegn må nasjonale eller vesentlege regionale interesser vere råka på ein slik måte at det er naudsynt å fremja motsegn for å ivareta dei aktuelle interessene. Det skal også vektleggast om tiltaket har ein samfunnsmessig nytte, og om det er alternative løysingar og/eller avbøtande tiltak.

Vurdering av om planforslaget råkar miljøomsyn av nasjonal eller vesentleg regional interesse eller av andre grunnar er av vesentleg tyding:

Forslag til plassering av nytt område for akvakultur vil råke ved fleire tema som er lista opp i kapittel 3 i T-2/16:

[Innarsøyane naturreservat](#)

I T-2/16 står det at motsegn skal vurderast når planen kan kome i konflikt med «*verneområder etter naturmangfoldloven kapittel V, jamfør § 77 og de verdier som vernet skal ivareta, også når planforslaget ligger utenfor verneområdet*».

Planendringane legg opp til eit nytt akvakulturanlegg tett opptil naturreservat for Innarsøyane, og. Innarsøyane vart verna i 1987, og avgrensingane vart gjort med dei føringane som gjaldt då. Om ein hadde utarbeida verneplanen i dag, ville ein tenkt meir heilskapleg og inkludert både Holmengrå (naboholmen i nord) og meir sjøareal kring øyane. Dette fuglereservatet var opphaveleg eit av dei viktigaste i Hordaland. Bestandsutviklinga har tidlegare vore negativ, og det er brukt ressursar på å betre situasjonen i naturreservatet. Det har vore mykje mink i området, som framand skadeleg art, men minken er no fjerna. Situasjonen for sjøfugl har no betra seg. Ein del av sjøfuglane har flytta til Holmengrå, men dei finn mykje av maten sin i tareskogane kring Innarsøyane.



Nær trua naturtype hornkorallskog

I T2-16 står det at motsegn skal vurderast når planen kan kome i konflikt med «*nær truede naturtyper med minst høy lokalitetskvalitet kartlagt etter Miljødirektoratets kartleggingsinstruks*» og «*naturtyper med sentral økosystemfunksjon med minst moderat lokalitetskvalitet kartlagt etter Miljødirektoratets kartleggingsinstruks*»

Det er registrert fire område med hornkorallskog i nærleiken av området for nytt akvakulturanlegg. Hornkorallskog er ein nær trua naturtype. Det er i rapport «Planlagt oppdrettslokalitet Innersøyane i Fedje kommune - Kartlegging og verdivurdering av marint naturmangfald», gjort ei verdivurdering av lokalitetane. To av lokalitetane er vurdert til stor verdi og to er vurdert til middels verdi. Hovden 2 (delområde 5) som vil liggje nærmast område for akvakultur er vurdert med stor verdi, basert på tal hornkorallar, med særleg mange koloniar av sjøbusk og risengrynkorallar. Førekosten vart avgrensa frå ca. 306 til 281 m djup, og bestod av ca. 60 koloniar risengrynkorallar, ca. 130 koloniar sjøbusk, 12 koloniar sjøtre og sju koloniar *Anthothela grandiflora*.

Miljødirektoratet sin kartleggingsinstruks for marine naturtypar er ikkje ferdig utarbeidd. Hornkorallskogen er på bakgrunn av dette ikkje kartlagt etter denne instruksen. Det er heller ingen kriterie i DN-handbok 19 for avgrensing og verdivurdering av naturtypen. I denne saka er det nytta kriteria frå Tangen og Fossen (2012) og kjelder i den rapporten for avgrensinga. Grunnlag for å avgrense hornkorallskog er då basert på tal koloniar av korallar per 100 m².

For sjøtre er det ein korallførekost når det er meir enn fire sjøtre innanfor 100 m², medan for risengrynkorall er det hornkorallskog når det er meir enn 20 koloniar per 100 m². For sjøbusk og *A. grandiflora* ligg det ikkje føre kriteria. Lokalitet Hovden 1 (delområde 4) og Hovden 2 (delområde 5) er gitt stor verdi. Vår vurdering er at vi må leggje til grunn at desse to lokalitetane er nær trua naturtypar med høg lokalitetskvalitet, sjølv om dei ikkje er kartlagt etter Miljødirektoratets kartleggingsinstruks.

Naturtypen hornkorallskog er også viktig som økosystem for andre artar, som krabbar, andre små krepssdyr, havbørstemakkar, slangestjerner og medusahoder ([Havforskningsinstituttets temaside for hornkoraller](#)). I kartlegginga av naturmangfald vart det også observert blålange som er sterkt trua i området. Vi vurderer at hornkorallskog kan reknast som ein naturtype med sentral økosystemfunksjon.

Villaks

I T2-16 står det at motsegn skal vurderast når planen kan kome i konflikt med «*viktige økologiske funksjonsområder for fisk og andre ferskvannsorganismer (jamfør lakse- og innlandsfiskloven § 7 første ledd)*», «*intakte sammenhenger mellom eller i tilknytning til større naturområder som har en viktig funksjon som forflytnings- og spredningskorridor for arter*» og «*beskyttelsesregimet som følger av Stortingets vedtak om nasjonale laksevassdrag og laksefjorder (jamfør St.prp. nr. 32 (2006–2007) kapittel 6 og lakse- og innlandsfiskloven § 7 a) og av kvalitetsnorm for ville bestander av atlantisk laks (jamfør forskrift av 20. september 2013)*»

Nytt område for akvakultur ligg i eit området som er nytta som utvandningsrute for fleire stammar av villaks, mellom anna frå nasjonale laksefjord med namn «*Fjordene rundt Osterøy*». Desse vassdraga er vurdert til å vere i «svært dårleg» eller «dårleg» tilstand. Miljømål for villaks er minimum god for den enkelte villaksstamme jf. kvalitetsnorm for villaks artikkel 3. Området ligg i produksjonsområde 4, med status raud i trafikklyssystemet. Dette vil seie at produksjonskapasitet skal reduserast. Samla belastning på villaks er i dag for stor.



Vi vurderer at eit nytt område for akvakultur kan kome i konflikt med viktig økologisk funksjonsområde for villaks, større naturområde som har ein viktig funksjon som forflyttingskorridor for fleire stammar med villaks, og kvalitetsnorm for ville bestandar av atlantisk laks.

Planforslaget sin konsekvens for klima- og miljøinteressene

For at Statsforvaltaren skal fremje motsegn er det ikkje tilstrekkeleg at dei nasjonale eller vesentlege regionale interessene vert råka. Konsekvensane må vere av ein slik karakter at motsegn er naudsynt for å ivareta desse interessene, enten ved at det enkelte tiltaket åleine vil kunne gje slike verknader, eller dersom tiltaket saman med andre påverkingsfaktorar medfører ei samla belastning som tilseier at motsegn er naudsynt. Videre kan ei tilsynelatande mindre sak reise viktige prinsipielle spørsmål, kor val av løysning kan ha presedensverknad. Dette kan og gi grunnlag for å fremje motsegn.

Innarsøyane naturreservat

Formålet ligg rett inntil naturreservatet Innarsøyane (vi kan ikkje sjå at nøyaktig avstand er oppgitt), og det vert lagt opp til at fortøyningane kan vere heilt i grensa.

Konsekvensutgreiinga legger til grunn at akvakulturanlegget skal vere nedsenkbart, og vurderer at *«Ein del artar er sensitive mot forstyrringar i hekkeperioden, som til dømes støy frå båt- og arbeidsoperasjonar i nærleiken. Nedsenka merdar kan redusere konflikt med fugl, då det ikkje er fiskeaktivitet på overflata som kan tiltrekke seg fuglar, samstundes kan teist og toppskarv dykke djupt, og det er usikkert korleis dykkande artar responderer på nedsenka oppdrettsanlegg.»*

Statsforvaltaren vurderer at det er svært uheldig å plassere eit akvakulturanlegg rett inntil fuglereservatet. Formålet med reservatet er å sikre best mogelige vilkår for sjøfuglane i området, og å ta vare på ein viktig hekkelokalitet med dei plante- og dyreartar som naturleg er knytt til området jf. Forskrift om vern for Litle Frilsøy, Hovden, Svarteskjeret og Innesøyane naturreservat, Fedje kommune, Hordaland. Forvaltingsmål for området er at naturreservatet skal reetablere sin posisjon som eitt av dei tre viktigaste og mest varierte sjøfuglreservata i Hordaland. Det skal og vere eitt av dei talmessig viktigaste hekkeområda for grågås i fylket. Naturreservatet skal også nyttast som eit referanseområde for korleis sjøfuglbestandar kan byggast opp att ved målstyrte tiltak som fjerning av mink og styring av husdyrbeitereregime jf. Forvaltningsplan for 69 sjøfuglreservat, og oppdatert bestandsoverslag for dei ulike sjøfuglartane i fylket.

Eit akvakulturanlegg vil, uavhengig av type anlegg, auke aktiviteten med mellom anna lys og støy i området. Dette kan forstyrre sjøfuglane, og gjere det mindre attraktivt for dei å vere i området. Det er negativ erfaring med akvakulturanlegg som ligg rett inntil fuglereservat. Døme på dette er anlegget ved Slida, der det er gjort teljingar som viser omfattande fråfall av hekkande fuglar gjennom sesongen. Nytt akvakulturområde er uheldig for forvaltningsmål om å reetablere naturreservatet sin posisjon som eitt av dei tre viktigaste sjøfuglreservata i Hordaland. Dersom verneplanen hadde vorte utarbeidd i dag, ville område truleg inngått i verneområdet. Dette er ei prinsipiell sak for korleis ein skal handsame akvakultur/andre større tiltak nær eit verneområde.

Hornkorallskog

I konsekvensutgreiinga vert det vurdert at ny akvakulturlokalitet vil medføre auka belastning på sjøbotnen. Det vert vurdert at eit nedsenka anlegg vil medføre noko meir konsentrert organisk belastning på botn enn merdar i overflata. Ein vurderer at minst ein av korallførekomstane (Hovden 2) vil vere utsett for partikulær organisk belastning.



Det står elles at fortøyingane er planlagt slik at dei vil unngå direkte arealbeslag i korallførekomstane, men vi kan ikkje sjå at dette er sikra i føresegn.

Statsforvaltaren støttar vurderinga i konsekvensutgreiinga om at utslepp frå akvakultur kan påverke dei næraste korallane negativt.

Villaks

Eit nytt akvakulturanlegg her vil kunne auke samla belastning på villaks som har utvandringssrute i dette området. Eit nedsenkbart anlegg vil truleg føre til mindre lus i anlegget, og gje mindre belastning på villaks enn eit ordinært anlegg. Det er ikkje mogeleg etter plan- og bygningslova å sette føresegn om kva type anlegg som kan kome i området, slik det er gjort i saka. Planen sikrar difor ikkje at det vert eit nedsenkbart anlegg.

Vi viser til at fleire villaksstammar har utvandringssrute forbi området. Desse stammane har dårleg og svært dårleg tilstand. Vi vil særleg trekke fram Vossolaksen som historisk sett er ein av landets viktigaste laksebestandar, og elva er eit nasjonalt laksevassdrag. Vi har god dokumentasjon på vandringssrutene til vossosmolten, og det er brukt over 100 millionar kroner for å forsøke å redde bestanden. Det meste av dette har vore offentlege midlar. Innsatsen har pågått over mange år, og det er mellom anna over lengre periodar sleppt smolt i bur ut gjennom fjordsystemet for å beskytte fisken mot lakselus. I rapporten «Redningsaksjonen for Vossolaksen» frå 2021 vert det konkludert med at det ikkje vil være livsgrunnlag for vossolaksen med dagens nivå av lakselus. Bestanden står i stor fare for å verte utrydda og tåler ingen form for tilleggsbelastning.

Lakselus og rømt laks frå oppdrettsanlegg er dei viktigaste påverkingsfaktorane for villaksen. Vi er svært uroa for tilstanden for villaksen i området. Planforslaget legg opp til endå eit akvakultur-område i utvandringssruta til fleire stammar med villaks, noko som vil kunne auke både arealet og mengda med lakselus som villaks må passere gjennom.

Tiltakets samfunnsnytte

Før Statsforvaltaren fremjar motsegn skal det gjerast ein avveging mot andre samfunnsinteresser. Det skal vere ein høgare terskel for å fremje motsegn til ein plan som har vesentleg samfunnsnytte.

Samfunnsnyttan i denne saka er først og fremst knytt til næringsutvikling i Fedje kommune, at kommunen treng fleire arbeidsplassar og verdiskaping som vil gje auka inntekter til kommunen.

Tiltaket vil gje auka inntekter til Fedje kommune både gjennom auka skatteinntekter frå tilsette ved anlegget, anna aktivitet knytt til anlegget og gjennom utbetalingar frå Havbruksfondet. Det er opplyst realisering av lokaliteten vil gi ei eingongsinntekt til kommunen på om lag 5 mill. kr. Utbetalingane frå Havbruksfondet vil variere mellom år, men kan vere i storleiken 4 mill. kr årleg til Fedje kommune. Desse inntektene vere viktige for å oppretthalde aktivitet og innbyggjarar i Fedje og høvesvis viktigare for kommuneøkonomien her enn i ein større kommune.

Det er usikkert kor mange arbeidsplassar tiltaket kan føre til. Det er opplyst at ein lokalitet av denne storleiken vil kunne gi rom for å etablere ein eigen landbase på Fedje med 8–10 arbeidsplassar. I tillegg vil lokale innkjøp styrke næringslivet på i Fedje kommune.

Oppdrettsanlegget har også ei samfunnsøkonomisk nytte gjennom produksjon av fisk som er etterspurt både nasjonalt og internasjonalt og vil slik bidra til å styrkje den nasjonale økonomien.



Moglegheit for alternative løysingar og avbøtande tiltak

Motsegn skal også vurderast med bakgrunn i moglegheiter for å justere eller endre tiltaket. Ein skal vurdere eventuelle alternative løysingar/lokaliseringar eller moglegheit for avbøtande tiltak som ut frå ei samla vurdering gir større samfunnsnytte.

Fedje har vurdert om anlegget kan plasserast ein annan stad i kommunen. Det er ikkje funne andre aktuelle område. Områda vest for Fedje vil vere for eksponert. I områda nord for innseglinga til Fedje ligg eit akvakulturområde med eit anlegg. Det er difor ikkje aktuelt med eit nytt område tett innpå det. Arealet som var aktuelt aust på Fedje er Hjeltevarden, som no er ute av vurderinga, jf. avgjerd av motsegnssak i brev den 28.06.2024 frå Kommunal- og distriktsdepartementet. Det er difor vurdert at det einaste arealet som er realistisk for Fedje er i området Innerøyane som her er føreslege.

Det er ikkje vurdert plasseringar utanfor kommunen sine grenser, truleg av di kommunen ynskjer næringsutvikling, arbeidsplassar og tildeling av havbruksfondet. Det er forståeleg.

Vi ser det likevel uheldig å endre interkommunal plan for sjø i Nordhordland gjennom berre å sjå på enkeltkommunar sine behov. Hovudårsaka til at det vart utarbeidd ein interkommunal plan for sjø i dette området, var å sjå arealbruken i sjø i samanheng. I stor grad var bakgrunnen for planen å sjå behova frå akvakulturnæringa i samanheng med store utfordringar for villaksstammane i området og vassmiljø. Det var eit stort poeng å finne dei rette lokaliseringane for akvakultur uavhengig av kommunegrensene.

Det er gjort forsøk på avbøtande tiltak ved å ta inn føreseigner:

I 3.1.9 andre ledd står det at «*Innanfor planområdet opnast det ikkje for tiltak som kan forverre miljøtilstand i resipient/vassførekomst, og som kan redusere bestandstilstanden til vill anadrom fisk (laks og sjøaaure), jfr. pbl. §§11-9 nr. 6, vassforskrifta §§ 4 og 12, lakse- og innlandsfiskeleva §§ 1, 2 og 7, naturmangfaldslova §§ 4, 5 og 13 (jfr. kvalitetsnorm for villaks). Tiltak kan heller ikkje vere til hinder for å nå miljømåla.*»

I 3.1.9 femte ledd står det at «*For området Innarsøyana (AKV-x) i Fedje kommune må det leggjast til rette for sameksistens med verneområde for sjøfugl og korallar. Det vert sett krav om at så store delar av anlegget som mogleg vert lite synleg og at støynivået skal vere lågt. Det vert difor sett desse ekstra krava til anlegget:*

- *Av omsyn til landskapet og for å redusera negative konsekvensar for andre naturverdiar, skal akvakulturanlegg innafor formålet vera nedsenkbart*

Akvakulturanlegg innafor formålet skal vera elektrifisert for å redusera støy frå anlegg»

Det er som nemnt tidlegare ikkje lov per i dag å setje krav om kva type anlegg som skal kome eller at anlegget skal vere elektrifisert. Vi kan ikkje sjå at det kan vere ein sameksistens med sjøfugl og korallar som vil fungere godt. Vi kan heller ikkje sjå at eit nytt anlegg i utvandringsruta til villaksen vil vere i samsvar med miljøføresegn 3.1.9 andre ledd.

Samla vurdering av fordeler og ulemper

Vi erkjenner at det er viktig for Fedje kommune å få auka inntekter til kommunen, og leggje til rette for at fleire arbeidsplassar i kommunen.



Eit akvakulturanlegg i dette område vil kome i konflikt med nasjonale interesser. Vi vurderer at omsyna til dei nasjonale interessene for fuglereservatet på Innarsøyane, den nært truga naturtypen hornkorallskog og omsyn til funksjonsområde, vandringskorridor og miljømål for villaks, må vege tyngst.

Konklusjon

På bakgrunn av dette fremjar Statsforvaltaren i Vestland motsegn til forslag om endring av interkommunal plan for sjøareala i Nordhordland.

Motsegna inneber at kommunen ikkje kan vedta planen slik han no ligg føre. Dersom kommunen, etter å ha vurdert motsegna, likevel vil gå vidare med planen slik han ligg føre ved offentlig ettersyn, vil alternativet vere å be om mekling, jf. pbl. § 5-6.

Statsforvaltaren i Vestland har per no ikkje motteke brev frå andre statlege instansar. I og med at vi har ei samordningsrolle i høve statlege motsegner må vi ta atterhald om at det kan kome andre motsegner innan høyringsfristen.

Med helsing

Liv Signe Navarsete
Statsforvaltar

Synnøve Stalheim
avdelingsdirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Vestland fylkeskommune
Fedje kommune

Postboks 7900
Adm.bygg

5020
5947

BERGEN
FEDJE